

# Bibliotekarens time - innføring av KBP i ei deltidsutdanning

**Av Irene Hunskår, Haraldsplass diakonale høgskole og Betanien diakonale høgskole, Bergen.**

*Fleire og fleire av utdanningane innan helse- og sosialfag har innført kunnskapsbasert praksis som metode, både på bachelornivå og innanfor vidareutdanningane. Dette fører til krav om meir bibliotekopplæring både frå studentane og frå dei fagleg tilsette. "Bibliotekarens time" er eit undervisningsopplegg som eg utvikla saman med, og for ei vidareutdanning innanfor helsefag i forbindelse med at dei skulle integrere kunnskapsbasert praksis i utdanninga. Sidan timeplanen alt var lagt for hausten, måtte den ekstra bibliotekundervisninga leggjast etter ordinær undervisningstid. Det var ønskje frå utdanninga at biblioteket skulle komme inn kvar gong studentane var inne (ca. kvar fjerde veke) og ha små "bibliotekdrypp" i staden for ein halv dag med opplæring. Dette valet blei gjort både utifrå ei praktisk tilnærming til opplegget, men også utifrå ei erkjenning av at stoffet kan opplevast som vanskeleg for studentane og ein repetisjon kvar gong dei var inne i studieveka kunne hjelpe til at læreprosessen skulle bli betre. Vi valde difor å satse på ein slik modell med fleire kortare biblioteksesjonar, sjølv om biblioteket ikkje hadde noko erfaring med eit slikt opplegg frå før.*

## **Metode**

Med utgangspunkt i framstillinga av undervisninga mi og den evalueringa eg skreiv i ettertid, valde eg refleksjon over eigen praksis som metode. I tillegg er det gjort litteratursøk i ulike databasar for å vise til og få støtte i kva forskning seier om dei parametra eg valde å reflektere om. Eit refleksjonsnotat er ein personleg og utprøvande tekst, samstundes som den tek stilling til faglege problemstillinger. Målet med eit refleksjonsnotat er å setje ord på tankar og refleksjonar ein gjer seg i møte med litteratur, i samtale med kollegaer eller i samband med arbeidet sitt. Eg ville sjå på nokre element i undervisningsopplegget mitt, og reflektere omkring desse problemstillingane og dei val som eg gjorde i lys av kva nyare forskning seier om dette. Det er reflektert over og sett på følgjande parametre: samarbeid med utdanninga, undervisningsmetode, talet på undervisningssesjonar, metodar for evaluering av bibliotekundervisninga.

## **Samarbeid med utdanninga**

I planlegginga av mi eiga undervisning diskuterte eg med dei to lærarane og vi blei einige om kva eg skulle ta opp på mi undervisning og kor mykje "repetisjon" av emnet frå deira undervisning eg skulle ta med. Vidare vil eg legge vekt på at det blei ein såpass tett samanheng mellom lærarane sin introduksjon og poengtering av viktigheten av å lære seg trinna i kunnskapsbasert praksis, og mi eiga undervisning i temaet. Nyare litteratur viser også at graden av vellykka undervisning i informasjonskompetanse som oftast heng saman med kor tett samarbeid det er mellom utdanningane og biblioteket (1).

## **Undervisningsmetode**

Utifrå erfaring med brukaropplæring og ytre rammevilkår som eg ikkje kunne endre, valde eg to ulike måtar å drive undervisninga på. Det første måten er det vi vil kalle vanleg kateter-undervisning der lærar/bibliotekar held ei førelesning for studentane i eit klasserom. Den andre undervisningsmetoden eg brukte, var meir aktiv der studentane sjølve skulle utføre søk i databasane som eg hadde vist dei. Der kunne eg vere til støtte og drive rettleiing etter behov. I ein stor systematisk oversiktsartikkel der ein har sett på kva undervisningsmetodar som er mest effektive for å lære informasjonskompetanse, hevdar forfattarane at det ikkje mogleg å utlegge evidens for at ein metode er betre enn ein annan (2).

## **Repetisjonselementet**

Å ha berre ein time til rådighet er i knappaste laget om ein ønskjer at studentane også skal ha høve til å prøve sjølve. Det viser seg også at stoffet som skal gjennomgåast, er vanskeleg for ein del av studentane. Ideen om å ha slike stadige "drypp" om søking etter litteratur er god, og gjev begge partar høve til å justere undervegs, både når det gjeld innhald og måte. For studentane kan det vere godt å få bibliotekundervisninga i mindre porsjonar med stadig litt repetisjon, og for bibliotekaren er det eit

godt høve til å komme nærmare inn i eit fagområde. I ein studie frå eit større college i Florida i USA, har ein gjort forsøk med alternative opplegg for bibliotekundervisninga (3). Til vanleg har dei hatt eit opplegg på 50 til 90 minuttar lange undervisnings-bolkar for kvart kurs dei har undervist i. Då har undervisninga både omhandla generell kunnskap om biblioteket og dei tenester studentane kan forvente å få, i tillegg har det vore opplæring i artikklesøk i 2 til 4 databasar og ein kort omvisning i biblioteket. I artikkelen omtalar dei denne undervisninga som "one-shot-session". Konklusjonen i studien er at det er positiv evidens for at ein modell der ein har fleire, men kortare undervisningsbolkar i staden for den tradisjonelle "one-shot" undervisninga, er meir effektiv i høve til studentane si læring av informasjonskompetanse og bruk av biblioteket sine tenester.

### **Evaluering**

Evaluering var ikkje planlagt som ein del av dette undervisningsopplegget. I ettertid ser eg at dette skulle ha vore gjort. Særleg med tanke på at dette var eit heilt nytt opplegg der det skulle innførast kunnskapsbasert praksis i utdanninga, og at "bibliotekarens time" var ein ny type bibliotekopplæring. Evaluering av biblioteket sine tenester og spesielt bibliotekundervisninga, har vi lite tradisjon for i våre bibliotek.

### **Konklusjon**

Det er positivt for biblioteket og bibliotekundervisninga at det er godt samarbeid med fagmiljøet, både når det gjeld planlegging og gjennomføring av undervisninga. For studentane er det positivt å få gjentekne repetisjonar av informasjon knytta til litteratursøk. Det er behov for å arbeide tettare med planlegging av bibliotekundervisninga saman med utdanningane og sjå nærare på evaluering av bibliotekundervisninga.

### **Referanser:**

1. Arp, L., Woodard, B., Lindstrom, J., & Shonrock, D. (2006). Faculty-librarian collaboration to achieve integration of information literacy. *Reference & User Services Quarterly*, 46(1):18-23.
2. Koufogiannakis, D. (2006): Effective methods for teaching information literacy skills to undergraduate students: a systematic review and meta-analysis. *Evidence based library and information practice* 1(3):pp. 3-43.
3. Gandhi, S (2004). Faculty-librarian collaboration to assess the effectiveness of a five-session library instruction model. *Community and junior college libraries* 12(4):15-48.